

Møtereftrat

Hardanger og Voss Ungdomsråd

Torsdag 0511.2020, kl 1330-1630 i Granvin

Til stades:

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Eusebiu Amanalachioai
Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Sander Eide Aase
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole
Voss herad:	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg

Ikkje tilstades:

Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvold
Ulvik herad:	Ungdomsrådsnestleiar Øyvind Fleten
Voss herad:	Ungdomsrådsnestleiar Daniel Lund

Kontaktpersonar:

Kvam herad:	Kari W. Vik
Ullensvang kommune :	Vibeke Lynghamar
Voss herad:	Eivind Djønnne
Hardangerrådet:	Trude Lægred Rinaldo

Hardanger og Voss Ungdomsråd held 2 meters avstand i koronatid.



Hardanger ungdomsråd valde å konstituera ein leiar fram til rådet er fulltallig og ny leiar kan veljast. Sander Eide Aase føreslo seg sjølv, og vart einstemmig vald.

Vedtak:

Sander Eide Aase konstituert leiar fram til valg for perioden 2020/2021.

SAKLISTE:

HU-sak 22/20 Saker melde inn ved møtestart

Trygge vegar for ungdom i heile Hardanger og Voss. Denne saka skulle drøftast på slutten av møtet, men vart utsett til neste møte

HU-sak 23/20 Diverse saker i HU:

Tilbakemelding frå det digitale føredraget til Helsesista:

Svært gode tilbakemelding og me kan godt gjenta digitalt føredrag med andre forelesarar. Dette vil HU arbeida med vidare.

HU vil også arbeida tettare med skulane og skulehelsetenesta i framtida.

Status spørjeundersøkelse:

Arbeid pågår, og me kjem attende til vidare prosess.

HU-sak 24/20 Møteplan Hardanger Ungdomsråd 2021

Vedtak:

Sekretær utarbeider ny møteplan med dei forslaga som er komne i møtet.

HU-sak 25/20 Bortebuarstipend

Det er veldig dumt at slikt skjer, at nokon vert urettmessig fråtekne stipend dei har krav på, pga rigid system, konstaterar leiar. HU må gjera ein jobb. Kva kan me gjera?

Me må snakka med lånekassen, og me må sjå om det er andre vegar som har samme utfordring.

Vedtak:

HU ber sekretariatet om å kontakta lånekassen, og sjå kva ein kan får til i denne saka, og kva som må til for at det ikkje skjer igjen.

I denne saka må me få konkret og detaljert informasjon om fakta. Det vil Ulvik hjelpa oss med.

HU-sak 26/20 Kva røyst har ungdomen fått etter ny kommunelov?

Kvam:

I Kvam er ungdomsrådet med i ulike planarbeid. Dei er også med i prosjekt som angår born og unge, f.eks arbeid med tverrfagleg innsats. Regionalt er Kvam ungdomsråd representert i Barnas helseteneste. Så ja Kvam vert høyrd, får ta del og vert tekne med.

Dei har også fått talerett i heradstyre, noko dei har kjempa for. Det er dei godt nøgde med. Det dei får er 5 minutt før sakshandsaming startar både i formannskapet og i heradsstyret. Då vel ungdomsrådet sjølve kva dei vil ta opp. Og når ungdomane sjølve ikkje kan stilla, har ungdomsrådet to politisk valde representantar frå heradstyre.

God erfaring frå kvam er at der er vel så viktig at ungdomsrådet sjølve tar tak i dei sakene dei vil arbeida med, meir enn å venta på saker får heradsstyret.

Ulvik:

Ungdomsrådet sit i Cittaslow rådet, og er aktiv medlem der.

Dei ynskjer og arbeider for også å få ta del i heradstyre.

Voss:

Før ungdomsråd vart ei lovpålagt råd, var kommunen mindre delaktige. Men no er ordføraren med på alle møtene, og ungdomsrådet har fått mange saker å arbeida med og dei vert høyrde. Alle planar kjem innom ungdomsrådet.

Ullensvang:

Ordfører er med på møtene, og rådet vert meir og meir aktuelt som tida går. Dei vert tekne på alvor og er med i fleire prosessar.

Dei får ta del i alt planarbeid som omhandlar born og ungdom, og rådet er tekne med på budsjettarbeid.

Eidfjord:

Ordfører har alltid vore med deira møter, og rådet får vera med i ulike plangrupper.

Men det er ikkje alltid sjølvstakt at dei vert tekne med, og då må dei be om det, og får vera med.

HU-sak 27/20 Hardanger og Voss Ungdomsråd etter 2020

Rundt bordet ynskjer alle rådsmedlemmane at Voss skal fortsetja å vera med i Hardanger og Voss Ungdomsråd og er enige om å anbefala alternativ 3.

" Alternativ 3:

HU endrar heilt organisasjonsform og lausriv seg meir frå Hardangerrådet IKS. Einaste ein deler med Hardangerrådet er sekretariatet. Med ei slik løysing kan Voss halda fram som medlem men må då betala ei fast årleg avgift som går til adm. kostnader. Med ei slik form kan og andre relevante samarbeidskommunar vera medlem (t.d. Samnanger og Vaksdal)."

Vedtak:

Hardanger og Voss ungdomsråd ber alle ungdomsråda om å ta dette opp i eigne råd, og bestemma kva dei vil. Deretter å drøfta med og be ordførarane om å ta det opp i Hardangerrådet.

HU-sak 28/20 **Situasjonen på skulebussane for dei som pendlar er at det er umogleg å halda avstand. Kva kan me gjera?**

Veldig vanskeleg å få svar frå Skyss.

HU vil senda uttale og til Skyss og Vestland fylkeskommune, med kopi til pressa.

Vedtak:

1. Hardanger og Voss Ungdomsråd ved alle medlemmene sender uttale om bekymring til Skyss, Vestland fylkeskommune og pressa.

Dette er uttalen:

Hardanger og Voss ungdomsråd er sterkt uroa over at det ikkje er mogeleg å halda tilrådd avstand på skulebussane med tanke på covid- 19. I tråd med gjeldande retningslinjer er det passasjeren sjølv som er ansvarleg for å halda avstand og vurderer om det er plass på bussen. Dersom ein skuleelev vel å venta med å ta bussen kan dette resultera i fråvær på skulen eller at det ikkje kjem fleire bussar. Situasjonen slik den er no er alvorleg. Spesielt for dei elevane som pendlar over lengre avstandar.

Hardanger og Voss ungdomsråd ber om at denne situasjonen blir teke tak i og gjort noko med fordi me er uroa for våre medelevar og deira nærkontaktar.

Dersom ingen gjer noko med dette problemet fryktar me at dette kan vera ein direkte medverkande årsak til auka smitte i befolkninga sjølv om samfunnet elles stenger ned. Me ønskjer også at Skyss oppmodar sterkare om bruk av munnbind og god handhygiene.

2. HU tek snarleg kontakt med andre ungdomsråd i Vestland for å be om at dei støttar uttalen vår.

HU-sak 29/20 **Idemuldring - kva skal HU gjera i 2020/2021**

- Aktivitetar - skapa meir aktivitetar
- Digitalt føredrag
- Hardanger Ungdomsting
- Skapa engasjement rundt ungdområda - mange veit ikkje kva det er
- Betre tilgang på kollektivtransport
- Samarbeid med kommunestyra
- Undersøking
- Motorsportsenter



HU-sak 30/20

Informasjon om arbeid frå den einkilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Ulvik:

Arbeider med å stupetårn.
Leiar har mykje ansvar.

Eidfjord:

Hadde konstituerande møte mandag denne veka.
Har vore med på møter om sentrumsutvikling, og skal vera med på budsjettmøter.
Skal laga sak til kommunestyret, der dei tek opp møte- og talerett i kommunestyret.

Ullensvang:

På møtet 03.11. var ordføraren med, men han er ikkje alltid tilstades.
Ungdomsrådet er ikke med på budsjettarbeidet, men skal være med på å behandle budsjettet i møte og komme med uttale.
Kommunen har sagt opp MOT avtalen Jondal kommune hadde før kommunesamanslåing, Ungdomsrådet er tidligere orientert og har kommet med uttale.
På møtet 24.11 er SLT koordinator og ungdomskontakt invitert for å diskutere/snakke om kva førebyggjande og haldningsskapande arbeid kommunen legg til rette for.
Ungdomsrådets leiar Emilie RS, er deltaker på SLT møtene i Ullensvang kommune.

Voss:

Dei har hovudfokus på motoraktivitetar for ungdom.
Rådet er veldig glad for vedtak om at det skal byggjast ny gymsal til ungdomsskulen, for den som er idag er i svært dårleg stand.

Kvam:

Me har delteke i prosjekta "Betre Tverrfagleg Innsats" og "Barn og unges helsetenester"
Me har sett opp vårt eige budsjett
Me har uttalt oss både i formannskap og heradsstyre om kuttlista til rådmannen
Me har delteke på møte i regi av Helsedirektoratet
Me har sendt brev til Statens Vegvesen om å sikra gamle Straumbua, samt gjera den betre eigna med tanke på universell utforming.
Kvam ungdomsråd har også uttala seg til reguleringsplan for nye Kvam vidaregåande skule, fastlegeordninga i Kvam, søknadar om tilskot til lag og organisasjonar i samband med koronapandemien og til koronatiltak i revidert nasjonalbudsjett 2020- midlar til vedlikehald og rehabilitering i kommunar.
Kvam ungdomsråd vart formelt valt på Kvam heradsstyre sitt møte 29.9.20 og konstituerte seg 26.10.2020. Me var litt seine med konstitueringa pga. koronautbrot og stenging av rådhuset m.m.